



Strategiplan for skuleeigar 2019-2023

Sykkylven kommune

Kommunestyret er den formelle skuleeigaren og er med dette ansvarleg for at krava i opplæringslova og forskriftene vert oppfylte. Utøvinga av ansvaret er delegert til administrasjonen i kommunen, som skal sikre og styrke skulane sitt kvalitetsarbeid. Strategiplanen er eit verkty for å sikre tydelege rammer for ansvarsfordeling og god kommunikasjon mellom skuleeigar, administrasjon og skuleleiar/skulane.

Innleiing

Bakgrunn

Opplæringslova § 13-10 slår fast at kommunestyret er den formelle skuleeigaren og er med dette ansvarleg for at krava i opplæringslova og forskriftene i lova blir oppfylt. Kommunestyret delegerer utøvinga av ansvaret for å sikre og styrke skulen sitt kvalitetsarbeid til administrasjonen i kommunen. Tydelege rammer for ansvarsfordeling og god kommunikasjon mellom skuleeigar, kommuneadministrasjon og skulane/skuleleiarane er føresetnaden for godt skuleeigarskap. Eit viktig verkty for informasjon er den årlege tilstandsrapporten (Kvalitets- og utviklingsmeldinga) som vert lagt fram for kommunestyret kvart år. Rapporten tek utgangspunkt i ein mal utvikla av Utdanningsdirektoratet, men er utvida ut i frå kommunen sine eigne satsingsområde.

Strategiplanen for grunnskulen i Sykkylven består av to delar:

Kommunestyret skildrar kva forventningar ein har til kvalitetsarbeidet i grunnskulen i denne planen. Dette kjem til uttrykk gjennom prioriteringar, overordna visjon og mål, resultatmål og nokon overordna tiltak. Dette skal danne grunnlag for kontinuerleg utvikling og kvalitetsforbetring. Planen har også ein skulefagleg tiltaksdel under kvar strategi som legg føringar for korleis skuleeigar, skuleleiar og undervisningspersonalet skal følgje opp valde strategiar for å oppnå hovudmålet: Sykkylvsskulen gir barn og unge skaparglede og lærelyst for framtida gjennom god kvalitet i opplæringa i eit inkluderande, trygt miljø for alle.

Denne planen er først og fremst eit dokument som omtalar kvalitet i skulen. Som skuleeigar har også kommunestyret eit arbeidsgivaransvar som skal takast i vare. Dette er ikkje spesifikt omhandla her. Skulane sine kompetanseutviklingsplanar, pedagogiske utviklingsplanar og pedagogiske plattform må vere koordinert med skuleeigar sin strategiplan, som vert den overordna planen for skuleverket i kommunen.

Kommunestyret fattar vedtak om:

- Budsjettrammer
- Overordna visjonar og mål

Sykkylvsskulen

Skaparglede og lærelyst

Skaparglede og lærelyst oppstår når elevane er trygge, inkluderte og har gode opplevingar gjennom varierte læringsaktivitetar og utforsking. Sluttproduktet er barn og unge med kompetanse til å meistre utfordringar og løyse oppgåver gjennom livet.

Sykkylven kommune som skuleeigar har fokus på

leiing – læring – kvalitet – tryggleik og trivsel –
inkludering - vurdering – utvikling – meistring –
nyskaping – engasjement – kunnskap – kompetanse –
medborgarskap

Dette kjenneteiknar Sykkylven kommune som skuleeigar:

- Sykkylven kommune er ein synleg skuleeigar
- Sykkylven kommune har politikarar med ambisjonar, engasjement og innsikt
- Sykkylven kommune har administrativ kompetanse, kapasitet og evne til følgje opp og setje i verk politiske styringssignal
- Sykkylven kommune arbeidar aktivt med profesjonsutvikling og ansvarleggjering av skuleleiarar og lærarar
- Politisk nivå brukar administrasjonen aktivt som eit mellomledd mellom seg og skuleleiarar/skulane
- Sykkylven kommune fordeler ansvaret for utviklinga i skulane og elevane si læring på ein hensiktsmessig måte mellom politisk, administrativt og skulenivå.

Hovudmål:

Sykkylvsskulen gir barn og unge skaparglede og lærelyst for framtida gjennom god kvalitet i opplæringa i eit inkluderande, trygt miljø for alle.

Kvalitetsmål:

- ✓ Elevane som går i Sykkylvsskulen meistrar grunnleggande ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet, og som set dei i stand til å vere aktive deltakarar og medborgarar i kunnskapssamfunnet
- ✓ Elevane i Sykkylvsskulen trivast, opplever meistring og at dei høyrer til
- ✓ Elevane i Sykkylvsskulen opplever ein skule som arbeider for likestilling, likeverd og inkludering
- ✓ Føresette og skule jobbar aktivt saman for å gjere skule- og læringsmiljøet best mogleg for barn og unge

Resultatmål:

- ✓ **Læringsutbytte**
 - Nasjonale prøver - lesekompetanse:
 - Minimum 75,7 % av elevane på 5. trinn ligg på meistringsnivå 2 og 3.
 - Minimum 72,0 % av elevane på 8. trinn ligg på meistringsnivå 3, 4 og 5.
 - Minimum 83,0 % av elevane på 9. trinn ligg på meistringsnivå 3, 4 og 5.
 - Eksamen: på linje med landssnittet
 - Grunnskulepoeng: på linje med landssnittet
- ✓ **Læremiddel**
 - Lærebøker og digitale læremiddel er i samsvar med gjeldande læreplanar og i samsvar med retten til læremiddel på nynorsk
 - Digitale læremiddel skal stø opp om hovudmålet til elevane
 - Alle elevar har tilgang til Chromebook og/eller nettbrett ved behov
 - Alle lærarar har Smarttavler / digitale skjermar på klasseromma

Skuleeigar sin strategiplan for Sykkylvsskulen 2019-2023

- Lærebøkene er i samsvar med gjeldande læreplanar
 - Skulane har nok utstyr til å gjennomføre praktisk-estetiske fag på ein god måte og i samsvar med gjeldande læreplanar
-
- ✓ **Sjuefråvere:**
 - Sjukefråveret mellom dei tilsette overstig ikkje 7 %

 - ✓ **Økonomi:**
 - Grunnskule har samla eit resultat som ligg innanfor 1 % avvik mellom budsjett og rekneskap

 - ✓ **Symjing:**
 - Minimum 75 % av elevane når læreplanen sine mål om symjeferdigheiter ved utgangen av 4. trinn

 - ✓ **Spesialundervisning:**
 - Det skal vere like mange eller færre elevar med spesialundervisning på 9. trinn samanlikna med 6. trinn.

 - ✓ **Elevnærvær** (eksl. legemeldt fråvere og anna dokumentert fråvere)
 - Minimum 90 % oppmøte – uansett trinn

1. strategi – Inkluderande skule- og læringsmiljø

Delmål: Alle elevar opplever ein trygg og god skulekvardag med gode rammer for læring og utvikling

Område:

- ✓ **Innføring av nye læreplanar frå hausten 2020**
 - Ny overordna del skal innarbeidast på alle skulane med felles forståing for føringar i planen
 - Nye fagplanar skal gradvis innførast og må vere godt kjende i personalet i god tid før hausten 2020
- ✓ **Tidleg innsats gjennom Betre Tverrfaglig Innsats (BTI):**
 - Magekjensle og bekymring vert teke på alvor, tidleg involvering og tett samarbeid med føresette
 - Riktig kompetanse tilgjengelig til rett tid – koordinering av kommunale tenester og tiltak
 - Kommunale tenester og tiltak er godt kjende og tilgjengelege
- ✓ **Inkluderande skulemiljø**
 - I perioden 2018-2020: Læringsmiljøprosjektet. Sørestranda og Vik skular er deltakarar i prosjektet, men dei andre skulane vert involverte
 - Tilrettelegging, tilpassa undervisning og spesialundervisning skal i størst mogleg grad og når det vert vurdert som best for elevane, skje innanfor klassemiljøet
 - Alle elevar skal ha det trygt og godt på skulen
 - Undervisninga er variert, prega av god klasseleing og forskingsbasert metodikk
 - Elevane opplever god balanse mellom utfordringar og meistring i undervisninga
 - Skulekvardagen er prega av føreseielege og trygge rammer
- ✓ **Læremiddel og anna utstyr**
 - Det vert sett av ei årleg ramme i budsjettet til innkjøp og utskifting av IKT-utstyr i skulane
 - Der det er føremålstenleg satsar ein på digitale læremiddel framfor bøker, slik at skulane har oppdaterte læremiddel i høve gjeldande læreplanar

Korleis nå måla?

- ✓ **Skuleeigarnivå (administrativt):**
 - Stimulerer til at skulane har ein brei, inkluderande og praktisk tilnærming til læring
 - Formidlar resultat av forskingsbasert kunnskap innan læring og metodikk/didaktikk
 - Initierer og legg til rette for tverrfagleg samarbeid mellom skule og andre kommunale tenester

- Legg til rette for oppfølging og tverrfagleg samarbeid i høve elevfråvere for å førebygge skulevegning og drop-out
 - Vidareutvikle rutinane for overgangar i det 13-årige løpet, med spesielt fokus på elevar med særskilte behov
 - Vere med i utarbeidinga av «Foreldrepakken»
 - Vere med i prosjektet BTI, bruke verkty og legge til rette for tverrfagleg samarbeid og kompetanseheving
 - Utarbeide felles leseplan for 1.-10. trinn for Sykkylvsskulen i samarbeid med skulane
- ✓ **Skulenivå (skuleleiing):**
- Legge til rette for kurs, etter- og vidareutdanning innan satsingsområda og innanfor område skulen har spesielle behov for
 - Legge til rette for tverrfagleg samarbeid internt og eksternt med særleg fokus på tidleg innsats. Fagteam skal prioriterast.
 - Utarbeide ein strategi for å nå skuleeigar sine resultatmål på den enkelte skule
 - Følgje opp og vise interesse for aktiviteten i klasseromma og på lærarrommet
- ✓ **I klasserommet og på lærarrommet:**
- Basere undervisninga på prinsippa om læring i fellesskap, inkludering og ei brei tilnærming i metodar
 - Halde seg fagleg oppdatert innan kommunen sine satsingsområde og innan område skulen har spesielt behov for
 - Kunne grunngi val av metodar og arbeidsmåtar i læringsarbeidet
 - Inkludere dei grunnleggande ferdigheitene i alle fag på alle nivå, inkludert sosial kompetanse og livsmeistring
 - Samarbeide internt i kollegiet og med eksterne 1.linjeinstansar som PPT, helsestasjon og barnevern og 2.linjetenester som BUP, barnehab, statped, etc. for å fremje elevane si læring
 - Melde frå om elevar ein er bekymra for til fagteam snarast mogleg med foreldra sitt samtykke
 - Følgje opp og utvikle elevane sine lese- og skriveferdigheiter på alle trinn, setje inn ekstra støtte tidleg ved behov
 - Vurdere og reflektere over eigen praksis basert på prinsippa i aksjonslæring og vurdering for læring (VFL)
 - Utøve god klasseleiing og vere lojal i handhevinga av skulen sitt reglement

2.strategi – Vidareutdanning av undervisningspersonale

Delmål: Vidareutdanning for tilsette i skulane skal prioriterast fram mot 2025, når nye kompetansekrav vert gjeldande. Undervisningspersonalet må etter 1. august 2025 ha minst 30 stp. for å undervise på barnetrinnet, 60 stp. for å undervise på ungdomstrinnet i kvart av desse faga.

Område:

- Kompetanse for Kvalitet (KfK) må prioriterast i perioden, for faga norsk, engelsk og matematikk
- Andre behov er spesialundervisning og særskilt språkopplæring for minoritetsspråklege elevar
- Det skal årleg utarbeidast ein kompetanseutviklingsplan for skulane i Sykkylven

Korleis nå måla?

- ✓ **På skuleeigarnivå (administrativt):**
 - Informere om aktuelle tilbod om vidareutdanning ut i skulane og administrere søknadsprosessen gjennom Utdanningsdirektoratet for KfK-ordninga
 - Prioritere mellom søkjarane ut i frå gitte og på førehand fastlagte kriterier i samarbeid med rektorane
 - Utarbeide og oppdatere årleg kommunal kompetanse- og utviklingsplan for grunnskulen
 - Dekke opphalds- og reiseutgifter i tillegg til studiemateriell
- ✓ **På skulenivå (skuleleiing):**
 - Informere personalet om tilbod om vidareutdanning ut i frå skulen sine behov
 - Legge til rette for og motivere for nødvendig vidareutdanning
 - Sørge for best mogleg tilrettelegging av vidareutdanning i kombinasjon med stillinga forøvrig ut og i frå gjeldande permisjonsreglement og stønadsordning
- ✓ **I klasserommet og på lærarrommet:**
 - Halde seg informert om studietilbod som er nødvendig i høve eigen arbeidssituasjon
 - Søke om aktuell vidareutdanning i perioden 1. februar-1. mars via søkjarportalen til Udir. / ev. andre studietilbod
 - Prøve ut ny kompetanse i klasserommet, involvere elevane, reflektere rundt eigen praksis, gjerne saman med kollegaer

3. strategi – Desentralisert kompetanseutvikling / etterutdanning

Gjennom fylkesmannen i Møre og Romsdal vert midlar frå Utdanningsdirektoratet fordelt etter innsending og godkjenning av felles søknad og planverk på regionnivå. Sunnmøre Regionråd har tilsett pedagogisk rettleiar og utviklingsrettleiar for å følge opp samhandling/koordinering mellom ulike UH (universitets- og høgskulemiljø) og kompetansmiljø. I første rekkje gjeld samarbeidet Høgskulen i Volda.

- Delmål:**
1. satsingsområde: Regional leiarutvikling: Skape trygge, stimulerande og inkluderande læringsmiljø på kva ein skule
 2. satsingsområde: Digital kompetanse: Auke den profesjonsfaglege digitale kompetansen i kommunane i oppvekstsektoren

1. Regional leiarutvikling

Område:

- Leie pedagogisk utviklingsprogram (endringsleiing i forhold til prosessleiing, møteleiing, etc.)
- Forvaltningskompetanse
- Økonomi
- Jus
- Kulturbygging
- Teambuilding – korleis bygge gode og sterke leiarteam?

Kommunalsjefane på Nordre Sunnmøre har bestemt å setje i gang eit prosjekt knytt til leiing av pedagogisk utviklingsarbeid – retta mot skuleleiarane. Fokus er korleis skuleleiarar på best mogleg måte kan leie pedagogiske utviklingsprosessar innanfor ulike område i eige kollegium.

2. Digital kompetanse

Område:

- Vidareutdanning i modular (5 stp) innanfor PfdK (Profesjonsfagleg Digital Kompetanse) for lærarar
- Etterutdanning utan studiepoeng / prosessretta prosjekt mellom Høgskulen i Volda og kommunar / skular som er nettbasert/samlingsbasert (30 timar).
- Etter- og vidareutdanninga er tufta på rammeplan for PfdK.

Høgskulen i Volda ser sentral i denne satsinga, der dei skal støtte kommunane og kvar ein skule i regionen i å kartlegge/analysere status i høve PfdK på skulane, tilpasse undervisninga deretter og tilby relevant tilbod i høve behova skulane har. Høgskulen skal også bistå dei ulike skulane i forankring av den digitale satsinga.

4. Strategi – Skulebasert kompetanseutvikling

Delmål: Gjennom systematisk vurdering av alle sider av verksemda, skal ein skape grunnlag for læring, vekst og utvikling hos den einskilde og i fellesskapet

- Den årlege kvalitets- og utviklingsmelding gir kvart år ei vurdering av skulane si måloppnåing i høve målekort for grunnskulen, skuleeigar sin strategiplan og økonomiplanar for perioden. Tilstandsrapporten er utgangspunkt for nye målesettingar
- Skuleeigar har eit forsvarleg system for kvalitetsvurdering, jf. opplæringslova § 13-10.
- Skulane gjennomfører årleg Elevundersøkingar, Nasjonale Prøver (som er obligatoriske) i tillegg til andre kartleggingar som er prioriterte
- Ståstadsanalysen vert gjennomført kvart 3. skuleår
- Foreldreundersøkinga vert gjennomført kvart andre år
- Medarbeidersamtalar vert gjennomført to gonger pr. år
- Elevsamtalar og foreldresamtalar vert gjennomført to gonger pr. år
- Elevråd, FAU/SU og mini-AMU er aktive organ i skulen

Korleis nå måla?

- ✓ **På skuleeigarnivå (administrativt):**
 - Formidle resultat av forskingsbasert kunnskap innan læring
 - Følgje opp felles satsingsområde og legg til rette for samarbeid mellom skulane for å utvikle den Sykkylvske skulen
 - Følgje opp arbeid på kvar einskild skule i høve satsingsområde
 - Følgje opp at skulane gjennomfører både obligatoriske og frivillige undersøkingar og kartleggingar for å få eit objektivt bilete av resultat og måloppnåing samanlikna med relevante andre
 - Gjennomføre undersøkingar som viser opplevinga av kvalitet, følgje opp i høve gjeldande kvalitetsmål
 - Følgje opp skulane sitt arbeid med evaluering og vidare arbeid etter at undersøkingar og kartleggingar er gjennomført. Reflektere saman med skulane om behov for endring av praksis, behov for kompetanseheving, endra rutiner, etc.
 - Følgje opp og vere med å drifte og koordinere desentralisert kompetanseutvikling i samarbeid med pedagogisk koordinator og utviklingsrettleiar på regionnivå, saman med Høgskulen i Volda
- ✓ **På skulenivå (skuleleiing):**
 - Legge til rette for at undervisningspersonale kan delta på deltaking av faglege pedagogiske nettverk på tvers av skular og kommunar gjennom desentralisert kompetanseutvikling
 - Vere med å drifte og koordinere faglege pedagogiske nettverk på tvers av skular og kommunar saman med pedagogisk koordinator på regionnivå

- Sørge for oppmelding, førebuing og gjennomføring av både obligatoriske og frivillige undersøkingar og kartleggingar
 - Sørge for god oppfølging av gjennomført kartlegging, vurdere resultat opp mot ønska målsetjing
 - Legge til rette for diskusjonar rundt eventuelle behov for endringar i organisasjonen basert på resultat, eventuelt korleis oppretthalde god praksis/gode resultat
 - Legge til rette for involvering av både tilsette, elevar (elevråd) og føresette i undersøkingar som er gjennomført og oppfølginga av desse
 - Halde seg oppdatert om nyare og aktuell forskning
- ✓ **I klasserommet og på lærarrommet:**
- Førebu, gjennomføre og følgje opp kartleggingar og undersøkingar som skuleleiinga har bestemt at skal gjennomførast
 - Fange opp elevar som har behov for ekstra tilrettelegging/oppfølging og lage ein plan for vidare arbeid
 - I fellesskap og mellom kollegaer vere med å drøfte og reflektere rundt både eigen og skulen sin praksis.
 - Halde seg oppdatert om aktuell nyare forskning
 - Vere med å i fellesskap vurdere og reflektere rundt skulen sin praksis i høve resultat og måloppnåing. Vere lojal i høve eventuelle endringar av praksis som resultat av denne evalueringa
 - Etter avtale med skuleleiar, delta på faglege, pedagogiske nettverk for undervisningspersonale på tvers av skular og kommunar